




Medlemsbrev for 2023/2024 – Nr 4

President Audun Klev

Redaksjon: Magne Lundemo (leiar), Lidvar Sunde, Arne Vågnes, Harald Gudbrandsen, Thor Grønmyr og Sindre Vik



Dato: 02.04.2024

Stad: Hautnet

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte

medlemmer/gjestar: 22

Hovedinnslag: Brattvåg svømmeklubb – ein ny giv

President Audun Klev åpna møtet og ønska velkommen til nytt møte, spesielt til representantane frå Brattvåg svømmeklubb.

Etter eit par klubbsaker fekk kveldens gjester, styrerepresentantane Mariann O.

Bjørnland og Frid Jeanett Skår ordet. Dei hadde også med seg utøvaren Madelen O. Bjørnland.



Klubben ble starta i 1969 og er drifta på dugnad av engasjerte foreldre og andre som er interesserte i idretten.

Etter koronaen har klubben sakte, men sikkert bygt seg oppatt til eit høgt aktivitetsnivå og mange nye medlemmer. Godt samhald i trygge rammer preger miljøet.

Aktiviteten kan delast i to; trening og konkurransar for dei aktive utøvarane, og den offentlege satsinga med svømmeopplæring

for born og åpent basseng for familiar og vaksne.



Det gamle og utdaterte bassenget ved ungdomsskolen er pussa opp og fungerer både som trenings- og konkurransearena.

Klubben har fått positiv merksemd innad i svømmemiljøet i fylket.

bra-svom.com

ML



Dato: 11.04.2024

Stad: Spjelkavik kirke

Konsert med kor frå Ukraina FANTASTISK STØTTEKONSERT

En fullsatt kirke fikk en stor kulturell opplevelse, hvor krigssituasjonen i Ukraina samtidig kom nært innpå oss som var tilstede.

Det ble et veldig godt økonomisk resultat og Rotary fikk fortelle om sin aktivitet og engasjement på en svært god måte. Vinn - vinn!

Alle inntekter går til **Nødhjelpsklinikker** utviklet for å gi helsehjelp i frontnære områder, der hvor helsehjelp ikke lenger finnes. Klinikken er en stor henger på hjul, drevet av en generator og innredet bl.a. for akutt-medisinsk hjelp. Til nå er det finansiert og levert 13 slike klinikker fra Rotary i Norge til Ukraina. Målet er 100 klinikker i løpet av året!!

Tidligere på konsertdagen inviterte vi våre gjester fra Ukraina til Atlanterhavsparken, litt guiding i byen før turen endte opp med direkteinnslag og spontankonsert hos NRK Møre og Romsdal.

Orkesteret gjennomfører 14 konserter i Norge i løpet av 14 dager. Konserten i Spjelkavik var konsert nr 7 og nå går deres ferd videre til Førde, Bergen osv...



Dato: 16.04.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Talet på frammøtte

medlemmer/gjestar:

Hovedinnslag: Presidentens møte

President Audun ønske alle velkomne og gjorde kort greie for dagens program:

1) Planlegging av pensjonistfest neste tysdag 23.04.24.

Påmeldingane så langt (ca 60 frå Vatne, Brattvåg og Lepsøy) tyder på eit oppmøte om lag som normalt. Arrangementet skal også i år haldast på Kulturkafeen.

Kameratskapskomiteen har eit hovudansvar, med nokre forsterkingar. Det skal serverast karbonader og kaker på tradisjonelt vis. Elles får vi kulturelle innslag ved May Britt Haukås (Dyrehistorier) og Frida Nustad (song). Arne V er ansvarleg for at eit lydanlegg er på plass. Elles litt diskusjon om detaljar vedrørende loddsal, gevinstar, frammøtetidspunkt, dekking av bord, osv. Det meste er på plass!

2) Førre møte: Konsert i Spjelkavik Kyrkje.

President Audun gjorde greie for ei stor oppleving: ein konsert med Bandura kor og orkester. Ein støttekonsert for Ukraina. Det var stor oppslutnad om konserten; over 400 betalande! Nivået var skyhøgt og vel verdt turen.

3) Styreseminar i Ålesund

Brattvåg rotary stilte sterkt med 6 frå styret. Tema på møtet var erfaringsutveksling og opplæring i

styrearbeid. Gode tilbakemeldingar om eit nyttig møte.

4) Dugnad ved Brattvåg Kyrkje 30.04.24

Til slutt orienterte Audun litt om den tradisjonelle dugnaden ved Brattvåg kyrkje. I denne samanhengen minte han også forsamlinga om ein ryddedag i Brattvåg sentrum komande laurdag kl. 11.00 – kl.13.00 AV

Dato: 23.04.2024

Stad: Kulturkafeen

Møteleiar: Presidenten/Bjørn J.

Pensjonistfesten

President Audun ønske alle velkomne (godt frammøte med pensjonistar frå Vatne, Lepsøy og Brattvåg) og gav ordet til klubbmeister Bjørn Johnsen. Han fortalde litt om programmet og presenterte kveldens første innslag: Elisabeth Nustad som song to vakre melodiar for oss. Den siste var i alle fall den kjende «Fields of gold» i Eva Cassidy versjonen. Vakkert!



Den neste gjesten var May Britt Haukås (kjend Brattvågar) som las høgt til forsamlinga frå eit program ho var leiar for i lokalradioen: Naturtelefonen. Vi fekk høyre små morosame historier som forskjellige lyttarar hadde sendt

inn (Jon Justsen, Målfrid Longva, Odny Eikebø, Harald Sønderland, Jostein Kvithaug og Kåre Flem). Forteljningane vart godt mottatt etter applausen å dømme...



Endeleg var det tid for hovudposten: karbonadar og eit stort kakebord. Som vanleg gjekk det meste ned, medan praten gjekk livleg rundt alle bord. Sosialt og triveleg.



Etterpå gjorde loddseljarane ein fin innsats, medan Cathrine, Hilde og Sigrid trygt leia oss gjennom trekning og utdeling av premiar. Sjølv om ikkje alle kunne vinne, var det ei fornøgd forsamling etter ein fin kveld.

Til slutt takka Leif Hofseth (Vatne og omland pensjonistlag) og Kirsti Kjerstad (Lepsøy pensjonistlag) for invitasjonen og ein hyggeleg kveld. Vel blåst til Brattvåg rotary! AV

Dato: 30.04.2024

Stad: Bygdeparken/
kyrkjegarden

Møteleiar: Presidenten/Jorunn

Dugnad i Parken/ kyrkjegarden

Det har vore litt forskjellig ver i samband med dei årlege dugnadene ved kyrkja vår i Brattvåg: sludd, regn, iskald nordavind. Men i år: sol og varme! Jorunn tok vel i mot oss og plasserte folk på dei vanlege oppgåvene:



Samling av lauv, kvistar og anna rusk rundt om på heile kyrkjegarden. Ein traktor med tilhengar var rekvirert for å ta alt bort. Rosebeddet var klipt på førehand av ein fagmann. Asfalt og områder med belegningsstein vart reingjort med høgtrykksyler, stålborster og kostar.



Etter eit par timar var alle fornøgde. Kyrkjegarden hadde fått eit betydeleg løft og var klar til å ta mot årets konfirmantar. Så vanka det kaffe og gode kaker frå kulturkafeen i den flotte

paviljongen. Som vanleg: god stemning og alle var fornøgde. AV

Dato: 07.05.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Gamle bilder frå Rotaryklubben vår

Presidenten har kome over ei minnepenn med m.a. gamle bilete frå ulike klubbaktivitetar. Ivar Fjørtoft var opphavsmann bak dei fleste bileta som i stor grad var henta frå ulike turar og/eller festlege tilstellingar. Kjekt innimellom å mimre frå gamle dagar!

Dato: 14.05.24.2024

Stad: Skjelavika ridesenter

Møteleiar: Presidenten

Stall Skjeljavika

I kveld møttes vi i Stall Skjeljavika hos Torbjørn Sønderland. Vidar (sønn) fortalte oss om om drifta fram til i dag. Vi fekk høyre ei fantastisk historie. På slutten av 90 talet avvika Torbjørn gardsdrifta av storfe og begynte med Islandshester. Dattera Tove hadde mange gode innspel for å få seg hest. I dag har dei ca 30 egne Islandshester. I løpet av desse åra har dei oppavla ca 100 føll. Mange av desse har blitt solgt. Dei leiger også ut stallplass til 13 andre. I 2017 begynte dei på ein lang prosess for å få sette opp ein ridehall. Den vart ferdig i fjor. Eit imponerende bygg på 1850 kvm, 63 meter langt og ei breidde på 32. Det er lagt ned mange dugnadstimer på dette bygget.

Sosialrommet/møterommet har ei fantastisk utsikt mot sjø, øyer og solnedgang. Dei leiger ut dette rommet som kan romme

40 personer. Her er mange frivillige som stiller opp på foring og riding.

Dei har også 3 hytter og 2 båter som dei leiger ut. Vi er meget imponert, Torbjørn og Vidar. Tusen takk for at vi fekk komme og høyre om denne fantastiske plassen.



CFL

Dato: 21.05.24.2024

Stad: Rotaryhuken/Turstien

Møteleiar: Presidenten

Dugnad – Rotaryhuken/turstien

Dugnad idag - rundt Synnalandsvatnet og ved Rotaryhuken . Vi jobbet fra begge sider av vatnet idag - 3 karer laga rammeverket for klatreveggen ved Roraryhuken.



Resten fjerna stein og fylte på grus på austsida . Så veien rundt vatnet blir bedre og bedre for både gående og trillende. Det blei også planta ei furu ved gapahuken slik vi på sikt får ett «landfast» juletre. Tilsammen ca 13-14 personer i arbeid. Tusen takk til Nils Kristen Skaar som også stilte opp! CFL

Dato: 28.05.24.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Kristin Fjeld-Eiken, Haram kommune



På ukas møte hadde vi besøk av Kristin Fjeld-Eiken . Kristin er ansatt som kommunalsjef i Haram Kommune i tillegg til å vere eit fyrverkeri av en dame .. Hun har ansvar for områdene eigedom og tekniske tjenester- kommunalsjef for PELT. Kommunalområdet har eit omfattande ansvarsområde. Det leverer eit vidt spekter av lovpålagte tenester til innbyggjarane, samtidig som det støttar og bidreg til utviklinga av andre kommunalområde. Dette føreset god samhandling og tverrfagleg dialog internt mellom kommunalområda og med innbyggjarar, næringsliv og fag- og undervisningsmiljø. Haram

kommune har lang tradisjon for godt samarbeid med næringslivet, og området skal fortsette å vere ein aktiv medspelar i tilrettelegging etter «Haramsmodellen».

Kjekt å høyre på så engasjerte personer som brenn» for å få til ting og tenke utenfor boksen samt tenke på tvers av avdelinger og ansvarsområder . Blir spennende å følge nye Haram og vi heier på deg Kristin. Ho er også med på å lage Haramspodden - som er en fornøyelse å høyre på. Takk for besøket !

Legger ved link til Haramspodden: <https://www.facebook.com/share/Kmk7zfHwSXgGqC5Q/?mibe>

CFL

Dato: 05.06.2024

Stad: NMK

Møteleiar: Presidenten

Fellesmøte Nordre Sunnmøre

Denne veka var det fellesmøte på onsdag for klubbane på Nordre Sunnmøre. Klubben vår var godt representert.

Dato: 08.06.24.2024

Stad: Myldregata

Møteleiar: Presidenten

Stand under Myldredagen

Møtet var flytta til laurdag der klubben stilte med eigen stand på årets Myldrearrangement.

Det var fint ver og masse folk fekk m.a. presentert Brattvåg Rotaryklubb sine prosjekter. Takk til Presidenten og dei andre som bidro på standen!

Dato: 25.06.2024

Stad: Hautunet

Møteleiar: Presidenten

Halvårsavslutning/ Presidentskifte

Så var også dette Rotaryåret over, President Audun runda av med eit resymé og ga klubba tilbake til Cathrine som tar fatt på eit nytt presidentår, berre med eitt års pause sidan sist.

Med god fiskesuppe, lotteri m.m kosa dei frammøtte seg på dette Rotaryårets siste møte. ML